



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 26.11.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	H	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Rikke Heldal Hope	H	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjon:

Asbjørn Nagell Toft
Olav Birger Andersen
Olav Mongstad
Thomas Lindås

Dato 03.12.2015

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
158/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
159/15	Godkjenning av møteprotokoll
160/15	Godkjenning av møteprotokoll
161/15	Meldingar
162/15	Delegerte saker
163/15	Orienteringssak
164/15	Søknad om deling av tilleggsareal til bebygt eigedom gbnr. 156/165 frå gbnr. 156/50 på Austrheim - Dispensasjonssak
165/15	Budsjett 2016,Økonomiplan 2016 - 2020

158/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 158/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

159/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 159/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

160/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

26.11.2015 FORMANNSKAPET

I sak 146/15 skal møteprotokollen godkjennast med førgjande endring i sak 139/15: Setninga ", på grunn av kommunen sitt dårlege resultat," skal lyda:

"Høgre sette fram forslag om at det ikkje skulle gjevast lønnstillegg i år."

Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke

FS - 160/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 12.11.2015, vert godkjent med endringa i vedtak i sak 139/15 slik at setninga skal lyda: "Høgre sette fram forslag om at det ikkje skulle gjevast lønnstillegg i år."

161/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Det var ingen meldingar

FS - 161/15 Vedtak:

Ingen meldingar vart lagt fram

162/15: Delegererte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegererte saker vert tekne til orientering

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 162/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

163/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Assisterande rådmann la fram ein status på økonomien i vedlikehald Årås skule. Oversynet viser at overskridinga vert oppmot 2 mill. Formannskapet avventar det endelege rekneskapet

FS - 163/15 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

164/15: Søknad om deling av tilleggsareal til bebygt eigedom gbnr. 156/165 frå gbnr. 156/50 på Austrheim - Dispensasjonssak

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådelling på gbnr. 156/50 av tilleggsareal til bebygt og frådelt bustadeigedom på gnr. 156, bnr. 165 på Austrheim:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 164/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådelling på gbnr. 156/50 av tilleggsareal til bebyggt og frådelt bustadeigedom på gnr. 156, bnr. 165 på Austrheim:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

165/15: Budsjett 2016, Økonomiplan 2016 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

1. Budsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2020, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einkilde åra:

Rammeområde	2016	2017	2018	2019	2020

2. Total ramme for 2016 til fordeling drift vert kr. 178.307.000,-

3. Nettorammene på dei einkilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2016-kroner):

Rammeområde	2016	2017	2018	2019	2020
100 Rådmann	17558	17706	17556	17706	17556
101 Politisk styring og kontrollorgan	3455	3455	3455	3455	3455
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4754	4354	4354	4354	4354
200 Adm.undervisning og kultur	2658	2258	2258	2258	2258
201 Barnevern/PPT	7277	6977	6677	6677	6677
210 Årås skule	22711	22961	23211	23211	23211
211 Kaland skule	13236	13236	13236	13236	13236
220 Austrheim kystbarnehage	12900	12900	12900	12900	12900
221 Kaland barnehage	9188	9188	9188	9188	9188
250 Musikk og kulturskule	1722	1722	1722	1722	1722

251	Bibliotek	1507	1507	1507	1507	1507
255	Anna kultur	2056	2256	2406	2406	2406
290	Undervisn./arbeids-senter	1078	1078	1078	1078	1078
300	Adm. Helse/sosial	577	577	577	577	577
301	Helseteneste	11086	11386	11386	11386	11386
302	Sosiale tenester	7687	6987	6087	5387	4687
330	Nordliheimen	21596	21596	22596	22596	22596
331	Kjøkken/vaskeri	3660	3660	3660	3660	3660
332	Heimetenester I	10548	10548	10548	10548	10548
333	Heimetenester II	7315	7315	7315	7315	7315
500	Plan, byggesak, miljø	2593	2643	2643	2643	2643
501	Interkomm.landbruk/ veterinær	825	825	825	600	600
600	Tekniske tenester	-1839	-2239	-2239	-2239	-2239
604	Eigedomsavdeling	9053	9213	9378	9378	9378
605	Reinhaldsavdeling	5370	5520	5670	5670	5670
800	Tilleggsøyvingar-Næring	125	500	500	500	500
801	Tilleggsøyvingar- Formanns	250	250	250	250	250
802	Tilleggsøyvingar-K.styret	300	300	300	300	300
803	Tilleggsøyvingar- Rådmann	775	725	725	725	725
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 419	-2 019	- 1619	- 1 619	- 1 619
900	Momsrefusjonsordninga	0	0	0	0	0
	Overskto/Nedbet.undersk.	-1 180	-6 305	-1 668	-2 400	-2 115

4. Den totale investeringsramma for år 2016 vert sett til kr. 8850000,-
med fylgjande endring:

Ansvar	Tiltak	2016
099		
099		

Den totale investeringsramma for 2016 vert då kr. 8850000,-

Som vert finansiert som fylgjer:

Ordinært låneopptak:	5773000
Overføring frå drift-Investeringstilskot sokneråd	300000
Overføring frå drift-netto avdrag på utlån	500000
Tilskot rehabilitering skulebygg	277000
Sal av eigedomar	2000000

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

Lån til vidare utlån	500.000
----------------------	---------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2016 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

7.a. I medhald av eigedomsskattelova §§3 første ledd bokstav c vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2016 med 7,0 promille, jfr. esktl § første ledd.

b. For 2016 vert det utskriving av eigedomsskatt på anna næring jfr. esktl § 3 første ledd bokstav d med 7,0 promille. Føresetnaden er at takseringa av anna næring er ferdig innan 01.03.16.

c. Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 17.12.15 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2016, jfr. esktl § 10.

d. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2016 er basert på takster fastsett ved siste alminnelige taksering gjennomført i 2009 med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2016.

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Andersen orienterte.

Under debatten vart det stilt to forslag:

1. Framlegg frå samarbeidspartia Ap, Krf og Sp:

Forslag frå samarbeidspartia Ap, KrF og Sp til tiltak for å få budsjettet for 2016 i balanse og sikra inndekking av meirforbruket i 2015 i budsjettet for 2016 og økonomiplanen for perioden 2016 – 2020.

Budsjett 2016 vert godkjent med fylgjande tillegg og endringar:

Hovudfokus er å sikre dei innbyggjarane som treng tenester frå kommunen mest. Alle arbeidsprosessar i kommunen må vurderast for å sikra dei som treng tenestene frå kommunen mest.

1. Me går inn for at det vert innført eigedomsskatt på anna næring i Austrheim kommune frå og med 2016.
2. Me ber rådmannen setja i gang arbeid med å førebu innføring av eigedomsskatt på hus og fritidsbustader i kommunen frå 2017. Me vil vurdera å innføra eigedomsskatt på hus og fritidsbustadar i kommunen dersom det av økonomiske grunner vil vera behov for dette.
3. Me ber om at rådmannen held fram med arbeidet med å byggja ein kostnadseffektiv og framtidretta organisasjon og ber om at kommunestyret snarast får seg førelagt organisasjonsplanar med realistiske bemanningstal. Rådmannen må i størst mogeleg grad sikra at den vedtekne to-nivåmodellen vert etterlevd. Dei kommunale driftsutgiftene skal reduserast og administrasjonskostnadane i kommunen skal i framtida vera på nivå med dei beste kommunane i landet.
4. Me ber om at rådmannen vurderer kritisk om det er naudsynt å erstatta personell som går ut i permisjon eller sluttar i kommunen.
5. Me går mot forslaget om å stengja symjebassenget på Kaland og straumsparinga som er foreslått på idrettsanlegget i kommunen.
6. Me ønskjer å auka investeringsramma for Kaland skule og Kaland barnehage. Desse midlane skal gå til å gjera planlagt investeringsarbeid på skulen og barnehagen med egne kommunale tilsette.
7. Me ber om at rådmannen alltid vurderer om investeringsprosjekt i kommunal regi kan utførast heilt eller delvis av kommunen sine egne tilsette.
8. Me ber om at vedlikehaldsmidlane som vart løyvd i statsbudsjettet for 2016, vert nytta til rehabilitering av idrettsanlegget på Kaland skule. Arbeidet skal i størst mogeleg grad utførast av kommunen sine tilsette.
9. Samarbeidspartia ber om at det vert sett av trafiksikringsmidlar for å sikra mjuke trafikantar i området mellom Kalandfeltet og Kaland skule.
10. Me ber om at investeringsprosjektet nytt lagerbygg ved Nordliheimen vert utsett til 2017.
11. Me ber rådmannen vurdera om det er mogeleg å byggja om «Blåhuset» til ein heim for mindreårige asylsøklarar. Fylkesmannen i Hordaland oppmodar kommunane til dugnadsinnsats på dette området, og eit slikt tilbod kan gje arbeid til kommunalt tilsette som vert overtalige i avdelingar som må redusera drifta dei komande åra. Lindås kommune har eit tilsvarande prosjekt som er svært vellukka. Alternativet til «Blåhuset» kan vera prestebustaden eller andre nye eller eksisterande bustadar i kommunen.
12. Me ber om at rådmannen legg fram ei eigarskapsmelding for kommunestyret på det første møtet i 2016. I saksutgreiinga bør rådmannen koma med framlegg om sal av kommunale eigedommar for å delfinansiera investeringsprosjekt i økonomiplan og dekkja akkumulert underskott.
13. Me ber om at rådmannen greier ut ombygging av varmeanlegga ved kommunehuset og Nordliheimen frå gassdrift til geo-varme. Slike tiltak vil gje lågare kommunale utslepp og bidra til reduserte driftsutgifter i framtida.
14. Me ber om at rådmannen vurderer å auka leigesatsane for kommunale bygg og anlegg. Særleg gjeld dette utleige av symjebassenget på Kaland til andre kommunar.
15. Me ber om at rådmannen vurderer å heva satsane for barnehagebarn og skuleelevar frå andre kommunar som går i barnehage eller på skule i Austrheim kommune.
16. Samarbeidspartia ønskjer å auka kulturbudsjettet med kr 500 000,- slik at kulturavdelinga får midlar til å støtta diverse arrangement og frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Me meiner at denne auken vert finansiert med at ein aukar posten for sal av kommunale eigedommar frå 2 til 2,5 millionar kroner.
17. Me ber om at rådmannen vurderer å innføra rammeavtalar for tekniske fag som elektro, vvs, tømrrar og andre fag der kommunen leiger inn eksterne for å utføra vedlikehald og mindre modifikasjonar.

Dei økonomiske endringane dette inneberer må rådmannen innarbeida i tabellane til møtet i formannskapet 3.12.2015.

Austrheim 26.11.2015
For samarbeidspartia:

Siri Kaland

Anne Dahle Austrheim

Reidar Øksnes

2. Framlegg frå Høgre:

Frå: Austrheim Høgre
v/ gruppeleiar Jorund Stellberg

Framlegg til vedtak i FS sak 165/15, Budsjett 2016, Økonomiplan 2016 -2020

Budsjett 2016 vert godkjend med fylgjande tillegg og endringar:

Hovudfokus er å sikre dei innbyggjarane som treng tenester frå kommunen mest
Alle arbeidsprosessar i kommunen må vurderast for å sikre ressursar nærast dei som treng tenestene
frå kommunen mest
Ingen er friteken for vurdering knytt til behov for eventuell reduksjon i tal tilsette i kommunen

Inndekning av postar i 2016:

1. Innsparing i administrasjonskostnader:
 - a. Felles rektor Kaland og Årås skular
 - b. Felles styrar Kaland og Kystbarnehagen barnehagar
 - c. Reduksjon i budsjettpost 100 Rådmannen
2. Oppløysing av AS Austrheim næringselskap med sikte på å styrke kommunen sin balanse, likviditet og eigenkapital
3. Sal av kunsthuset for å redusere vedlikehald og driftsutgifter knytt til kunsthuset og styrke kommunen sin likviditet

Styrking av fylgjande postar:

1. Arbeidssenteret
2. Heimetenester II
3. Symjebasseng på Kaland
4. Kulturmidlar til lag og organisasjonar

Under avstemminga skjedde fylgjande:

1. Rådmannen sitt framlegg fekk ingen stemmer og fall
2. Samarbeidspartia sitt framlegg vart sett opp mot Høgre sitt framlegg. Samarbeidspartia sitt framlegg fekk 3 røyster og Høgre sitt framlegg fekk 2 røyster. Samarbeidspartia sitt framlegg vart vedteken.

FS - 165/15 Vedtak:

Budsjett 2016 vert godkjent med fylgjande tillegg og endringar:

Hovudfokus er å sikre dei innbyggjarane som treng tenester frå kommunen mest. Alle arbeidsprosessar i kommunen må vurderast for å sikra dei som treng tenestene frå kommunen mest.

1. Me går inn for at det vert innført eigedomsskatt på anna næring i Austrheim kommune frå og med 2016.
2. Me ber rådmannen setja i gang arbeid med å førebu innføring av eigedomsskatt på hus og fritidsbustader i kommunen frå 2017. Me vil vurderer å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustadar i kommunen dersom det av økonomiske grunner vil vera behov for dette.
3. Me ber om at rådmannen held fram med arbeidet med å byggja ein kostnadseffektiv og framtidsretta organisasjon og ber om at kommunestyret snarast får seg førelagt organisasjonsplanar med realistiske bemanningstal. Rådmannen må i størst mogeleg grad sikra at den vedtekne to-nivåmodellen vert etterlevd. Dei kommunale driftsutgiftene skal reduserast og administrasjonskostnadane i kommunen skal i framtida vera på nivå med dei beste kommunane i landet.
4. Me ber om at rådmannen vurderer kritisk om det er naudsynt å erstatta personell som går ut i permisjon eller sluttar i kommunen.
5. Me går mot forslaget om å stengja symjebassenget på Kaland og straumsparinga som er foreslått på idrettsanlegga i kommunen.
6. Me ønskjer å auka investeringsramma for Kaland skule og Kaland barnehage. Desse midlane skal gå til å gjera planlagt investeringsarbeid på skulen og barnehagen med egne kommunale tilsette.
7. Me ber om at rådmannen alltid vurderer om investeringsprosjekt i kommunal regi kan utførast heilt eller delvis av kommunen sine egne tilsette.
8. Me ber om at vedlikehaldsmidlane som vart løyvd i statsbudsjettet for 2016, vert nytta til rehabilitering av idrettsanlegget på Kaland skule. Arbeidet skal i størst mogeleg grad utførast av kommunen sine tilsette.
9. Samarbeidspartia ber om at det vert sett av trafikksikringsmidlar for å sikra mjuke trafikantar i området mellom Kalandsfeltet og Kaland skule.
10. Me ber om at investeringsprosjektet nytt lagerbygg ved Nordliheimen vert utsett til 2017.
11. Me ber rådmannen vurderer om det er mogeleg å byggja om «Blåhuset» til ein heim for mindreårige asylsøklarar. Fylkesmannen i Hordaland oppmodar kommunane til dugnadsinnsats på dette området, og eit slikt tilbod kan gje arbeid til kommunalt tilsette som vert overtalige i avdelingar som må redusera drifta dei komande åra. Lindås kommune har eit tilsvarande prosjekt som er svært vellukka. Alternativet til «Blåhuset» kan vera prestebustaden eller andre nye eller eksisterande bustadar i kommunen.
12. Me ber om at rådmannen legg fram ei eigarskapsmelding for kommunestyret på det første møtet i 2016. I saksutgreiinga bør rådmannen koma med framlegg om sal av kommunale eigedommar for å delfinansiera investeringsprosjekt i økonomiplan og dekkja akkumulert underskott.
13. Me ber om at rådmannen greier ut ombygging av varmeanlegga ved kommunehuset og Nordliheimen frå gassdrift til geo-varme. Slike tiltak vil gje lågare kommunale utslepp og bidra til reduserte driftsutgifter i framtida.
14. Me ber om at rådmannen vurderer å auka leigesatsane for kommunale bygg og anlegg. Særleg gjeld dette utleige av symjebassenget på Kaland til andre kommunar.
15. Me ber om at rådmannen vurderer å heva satsane for barnehagebarn og skuleelevar frå andre kommunar som går i barnehage eller på skule i Austrheim kommune.

16. Samarbeidspartia ønskjer å auka kulturbudsjettet med kr 500 000,- slik at kulturavdelinga får midlar til å støtta diverse arrangement og frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Me meiner at denne auken vert finansiert med at ein aukar posten for sal av kommunale eigedommar frå 2 til 2,5 millionar kroner.
17. Me ber om at rådmannen vurderer å innføra rammeavtalar for tekniske fag som elektro, vvs, tømrrar og andre fag der kommunen leiger inn eksterne for å utføra vedlikehald og mindre modifikasjonar.

Dei økonomiske endringane dette inneberer må rådmannen innarbeida i tabellane til møtet i formannskapet 3.12.2015.
